

## SPØRSMÅL TIL HOVEDUTVAL FOR KULTUR, IDRETT OG INTEGRERING I VESTLAND FYLKE

17. NOVEMBER 2021:

### BYBANEN OVER BRYGGEN OG VERDSARVSTATUS?

Fleirtalet i Fylkesutvalet vedtok på sitt møte 20.oktober 2021 i sak 199/2021, etter tilråding frå fylkesdirektøren, å gå inn for å vidareføre dagalternativet DS1 i reguleringsplanen, dvs. Bybanen over Bryggen. I pkt. 3 i vedtaket heiter det at Verdsarvstaden Bryggen skal bli ivaretatt gjennom ein kvalitetssikring og dialog med kulturminnemynde.

I vedlegg 6 i saka ligg det eit brev frå Riksantikvaren datert 6. september 2021 som på ingen måte kan tolkast som grønt lys frå Riksantikvaren for å byggje Bybanen til Åsane over Bryggen utan å kome i konflikt med viktige kulturminneomsyn og verdsarvomsyn.

Spørsmål: Foreligg det nye skriftlege signal eller meldingar etter 6. september 2021 frå Riksantikvaren som kan garantere at Bybanen over Bryggen ikkje vil kome i konflikt med Bryggen som verdsarvstad?

I so fall ber eg om at slik dokumentasjon blir lagt fram i møtet.

Helsing Terje Kollbotn (Raudt)